

Voss Rotary klubb

Referat frå møte onsdag 5. oktober 2022. Møtestad: Frelsesarmeen Voss

Tilstades: Totalt 35 personar

Møtet var ope for alle. Foredragshaldar: Professor Ola H. Grytten, NHH, medlem i Bergenhus Rotary klubb.

Tema: **Hans Nielsen Hauge – Reformator av samfunn og næringsliv.**

Han opna med å spørje om vi kunne seie kor stor kyrkjesøkinga var i Norge rundt år 1800. Vi tippa altfor høgt – i Christiania gjekk ca 0,5% av folket i kyrkje og hørde på presten. Utafor kyrkja på kyrkjegarden derimot var det gjerne samla ei adskillig større gruppe som hørde på ein ung lekpredikant – mann eller kvinne. (Ein Haugianar.)

Samtidig refererte han fleire utanlandske forskarar, m.a. Mary Wollstonecraft 1795 og Thomas Malthus 1799, som begge konkluderte med at nordmenn levde godt rundt 1800.

Malthus påstod at Norge hadde like høg velstand som England. Nordmenn hadde høgt kaloriinntak. Kvinnene var velfødde og pene, mennene mindre pene p.g.a. tobakksbruk og brennevinsdrykk. Han var også forbausa over at leseevna i Norge var høg.

Dette kan forklarast med at Norge hadde ein generelt stor vekst på slutten av 1700 talet, samt at leseevna skuldast at alle skulle kunne lese katekisma til konfirmasjonen.

Hauge var født i 1771 som nr. 4 eller 5 av ein søskenflokk på 10 på foreldra sin gard i Østfold.

Som 25 åring, medan han gjekk og pløgde på eit jorde på garden, opplevde han ei religiøs oppvakning. Eit par månader seinare fekk han utgitt eit skrift, som blei lese og distribuert i stort opplag. I alt gav han ut 33 bøker og skrifter. Nokre av dei blei forbodne og nokre brende. Men likevel vart han truleg den mest lesne forfattar i Norge inntil Kjell Hallbings «Morgan Kane».

Han reiste mykje rundt i landet og evangeliserte og danna trussamfunn. Opptil 1/3 del av evangelistane, som preika i haugianarforsamlingar var kvinner.

Samtidig som han danna trussamfunn tok han initiativ til industri og næringsverksemdar. Han starta sjølv ca. 30 industribedrifter og bidrog til finansiering av oppimot 120.

Hauge var ein enormt energirik mann. Han var: Evangelisk reformator, Arbeidslivsreformator, Skulereformator og i samarbeid med kjøpmennene på

Bryggen i Bergen starta han bank i 1801. Dette samarbeidet kom til sidan tyskerane i Bergen stort sett var herrenhutere, d.v.s. puritanarar som Hauge også var.

Hauge og haugianarrørsla blei forfølgd av embetsvesenet. Skriftene hans blei forbode og endog brende og sjølv blei han fengsla, men tilhengarane hans fantest over heile landet.

Store deler av Norge er prega av haugianarane og deira idear og endatil i dag kan ein seie at t.d. innpå 2/3 av industribedriftene på Sunnmøre stammar frå haugianar-initiativ. Dei var sterkt representerte i det norske stortinget og dei stemde alltid for næringsfridom og mot sentralisering.

Formannskapslovene – d.v.s. lovene om kommunedanning og kommunal fridom og sjølvstyre stammar frå haugianarane.

Den tyske forskaren Max Weber skriv i 1900 at nokre land blei rikare enn andre og at dette i hovudsak kan forklarast ut frå protestantisk tru og levesett framfor katolisisme og ortodoks kristentru. M.a.o. puritanarane skapte velstanden i USA og i Storbritannia, og Hauge var ein del av denne bevegelsen.

FRELSESARMEEN

Det går vidare ei klår linje frå Hauge og puritanarane til metodistane og til William Booth, som starta Frelsesarmeen. Armeen blei starta i England, men har i dag størst framgang i Afrika og i Asia. Flest medlemmer har organisasjonen i dag i Kenya, nest størst er India, nr. 3 er Zambia og nr. 4 er Pakistan. Hovudkvarteret er i London med ein stab på 75 personar.

I Norge har det vore tilbakegang i medlemstalet, men dei opplever vekst i innvandarmiljøa, særleg blant innvandrarar frå Afrika.

INNTEKTSUTVALET FOR JORDBRUKET

Grytten har vore leiar for eit uval som har hatt til oppgåve å foreslå ein metode for måling av inntekt i jordbruket. Han kunne fortelje at denne inntektsmålinga var ein vanskeleg og til dels usikker metode, sidan gardsbruk og landbruksnæring kunne vere so mange forskjellige ting.

Etter foredraget blei det stilt nokre spørsmål frå salen, særleg om landbruksøkonomi.

Rotary Voss takkar Ola Grytten og dei frammøtte for ein interessant kveld.

Ref
Ragnar Aronsen
sekretær